

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 9. mai 2016 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 16.00
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Ragni S. Fett (V), Arild Stenberg (H) og Åse Langhelle (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1.vara Pål S. Rullestad (Ap) – møter fast for Sæle
FORFALL	Sigve Sæle (Sp) – innvilga fritak til nov. 2016
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr, Deloitte AS Revisor Willy Hauge, KPMG AS – deltok på telefon i sak 7
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Siri Klokkarstuen (Ap) Rådmann Pål Nygård og økonomisjef Vegard Bang i sak 7
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 05/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.02.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 08.02.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 09.05.16:

Leiar orienterte. Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.05.16:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 08.02.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 06/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.05.16

16. Statusrapport pr. mai 2016
17. Kontrollrapport 2015 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
18. Representantskapsmøte 01.04.16 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
19. Representantskapsmøte 27.04.16 - Interkommunalt arkiv Hordaland
20. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
21. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
22. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
23. Protokoll frå representantskapsmøte - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
24. Kommunelovutvalet har overlevert forslag til ny kommunelov – NKRF nytt 10.03.16
25. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov
26. Inhabil som styremedlem? - Kommunal Rapport 04.04.16

Handsaming i kontrollutvalet 09.05.16:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.05.16:

Referatsakene 16 - 26 vert tatt til orientering

SAK 07/16 ETNE KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2015

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2015 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Handsaming i kontrollutvalet 09.05.16:

Rekneskapsrevisor Willy Hauge deltok på telefon under handsaminga.

Rådmannen og økonomisjefen gjorde greie for hovudtala i rekneskapen. Det var eit godt økonomisk resultat i 2015. Netto driftsresultat blei på 5 mill. kr, som tilsvara 1,5 %. Det er ei klår betring frå året før.

Økonomisjefen gjorde greie for nøkkeltal, utvikling av inntekter og utgifter, pensjonsutgifter og premieavvik. Budsjettdisiplinen var jamt over god. Høgast meirforbruk hadde det vore innan brannvern og barnevern. Rådmannen og økonomisjefen svara på spørsmål, mellom anna pensjon, budsjettering og budsjettoppfølging.

Revisor orienterte kort om deira arbeid. Det var avlevert ein rein revisjonsmelding og det hadde ikkje vore grunnlag for årsoppgjersbrev dette året.

Utvalet slutta seg til framlegget til uttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.05.16 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Etne vedtek vedlagde uttale til Etne kommune sin årsrekneskap 2015 slik den ligg føre:

Etne kommune sin årsrekneskap for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 4,7 mill. kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 5,0 mill. kroner. Det utgjer 1,5 % og er ei klår forbetring frå i fjor.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2015 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.15.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Etne kommune sin årsrekneskap for 2015.

SAK 08/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL 2016-2020 - OVERORDNA ANALYSE - RISIKOSPILL

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar innspela som kjem fram under risikospillet i regi av Deloitte AS til orientering.

Utvalet kjem tilbake til saka når analysedokumenta er ferdige og prosjekta skal prioriterast.

Handsaming i kontrollutvalet 09.05.16:

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr innleia. Ho gjorde greie for risikospelet og prosessen vidare med å utarbeide den overordna analysen, som vil vere grunnlag for planane. Gåsemyr leia gjennomføringa av risikospelet. Medlemmane kom med sine vurderingar og kommentarar underveis i spelet og revisor noterte seg desse. Ordføraren kom med sine synspunkt og svara på spørsmål frå medlemmane og revisor.

Revisor meinte den overordna analysen og framlegg til planar ville vera ferdige for handsaming til møtet i september.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.05.16:

Etne kontrollutval tar innspela som kjem fram under risikospillet i regi av Deloitte AS til orientering.

Utvalet kjem tilbake til saka når analysedokumenta er ferdige og prosjekta skal prioriterast.

SAK 09/16 SYNLEGGJERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar sekretariatet sin informasjon om synleggjering av kontrollutvalet sitt arbeid til etterretning.

Etne kontrollutval vil prioritera følgjande tiltak for å synleggjere sitt arbeid:

1.
2.
3. osv.

Handsaming i kontrollutvalet 09.05.16:

Leiar innleia kort om saka. Utvalet drøfta kva som var mest aktuelt å prioritera for å synleggjera utvalet sitt arbeid på ein positiv måte.

Medlemmene blei samde om å prioritera to områder: delta aktivt på kommunestyremøta og sikre at saksdokumenta er tilgjengelege på kommunen si heimeside.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.05.16:

Etne kontrollutval tar sekretariatet sin informasjon om synleggjering av kontrollutvalet sitt arbeid til etterretning.

Etne kontrollutval vil prioritera følgjande tiltak for å synleggjera sitt arbeid:

- 1. delta aktivt i framlegging av utvalet sine saker i kommunestyret og*
- 2. følgja opp at saksdokument og protokollar er tilgjengelege på kommunen si heimeside.*

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Åse Langhelle (Frp) opplyste at ho skulle byrje i ei prosjektstilling i Etne kommune, og spurte om ho måtte søke permisjon frå vervet i kontrollutvalet i den perioden. Sekretær svara at ho ikkje kunne vera tilsett i kommunen samstundes som ho sat i kontrollutvalet.

På spørsmål om utvalet skulle få tildelt nettbrett, svara ordførar og økonomisjef at det skulle dei få. Det var midlar på utvalet sitt eige budsjett til innkjøp av nettbrett.

Neste møte: måndag 19.09.16, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 9. mai 2016

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær